

18/26

Dato - 3 JAN 2018

Dok.nr. 1

Saksh.: Zone

Arkiv 256

ARKA.

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland

1	Navn på eigaren Kåre Nes	Org. nr. / personnr. 870562012
Postadresse Nernesvegen 34, 5632 Omastrand	Telefon 99152195	
e-post post@nestunet.com	Kommune Kvam	

2	Navn på objektet (huset / anlegget) Nes Bygdesag	Gnr., Bnr. Gnr 140 / Bnr 3
	Gardsnamn Nes	Bygningsnr.
	Askeladden ID	SEFRAK ID

Korleis er kulturminnet verna?	3	Tidlegare tilskot	Årstal / sum
<input type="checkbox"/> Regulert til vern / omsynssone			
<input checked="" type="checkbox"/> Prioritert i kulturminneplan		"Vern og vøl midlar"	
<input checked="" type="checkbox"/> Vurdert av fylkeskommune om å ha regional verdi		-16	/20.000

4	Søknadssum (overført fra side 2, finansieringsplan) 75.000
---	---

5	Beskrivelse og foto av objektet (huset/anlegget). Send foto som vedlegg.
Byggemåte	2 etg + kjeller. Kjeller i mur, bygg. i bindingsverk
Historikk:	
Tidfesting	
Byggår	1962
Endringar	Ingen
Byggherre	Kristoffer Nes (1915 - 1987)
Opphavleg funksjon	Gardsag
Noverande funksjon	Gardsag / Lager (ikke drift i saga)

6 Kva skal tilskotet nyttast til? Send evt. vedlegg.

Skifte av tak.
Restaurering av bygning. (Sjå vedlegg)

7 Kva metodar og material skal nyttast? Send evt. vedlegg.

Tradisjonelle handtverksmetodar.
Material av same kvalitet eller betre.

8 Spesifisert kostnadsoverslag. Særleg materialkostnader og materialbruk (type materialer). Send evt. vedlegg.

S-8 Vedlegg - Kostnadskalkyler
utarbeidd av NVIM
v/ avd. leiar Svein Jøstad

Sum (kr.):

429.096

9 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt. Send evt. vedlegg.

1 Noisk Kulturminnefond
2 Kvam Herad/HFK
3 Riksantikvaren
4 Eigne midlar
5

130.000 - *-logvd
75.000
170.000
54.096

Sum (kr.):

429.096

10 Stad

Dato:

Underskrift

Nes/Mundheim

29-12-2017

Kåre Næs

Send utfylt søknad med vedlegg til kommunen. Merk søknad med "TILSKOT TIL VERNA KULTURMINNE I HORDALAND."

Vilkår for tilskot

Det er eit vilkår at den som får tilskot frå dei fylkeskommunale kulturvermmidlane følgjer antikvariske retningsliner i arbeidet med istandsettjing, materialbruk o.l. Retningslinene går stort sett ut på at minst mogleg skal utskiftast av det gamle, og at delar som må skiftast skal erstattast med ein kopi av det opphavlege. Forandringar kan kome på tale berre etter samråd med antikvarisk fagetat (fylkeskonservator, Riksantikvaren eller byantikvaren i Bergen).

Prosjekt: Nes Bygdesag - bygning

Postnr	Spesifikasjon	Ein	Mengde	Pris	Sum
Bygning					
Tak					
1	Fjerning av eternit	m2	130	850	110 500
2	Montering av fibersementplater	m2	130	540	70 200
Takrenner					
3	1x4" bord kjerneved	lm	40	100	4 000
4	Utskifting av bordkledning	lm	80	85	6 800
Vindauge :					
5	Reparasjon av karmar	stk	2	5 000	10 000
6	Montera nye glassruter	stk	25	1 200	30 000
Dørar					
7	Reparasjon av skyvedørar	stk	3	4 500	13 500
8	Ny dør 2 etasje	stk	1	7 000	7 000
Maling					
9	Maling inkl dørar og listverk	m2	195	350	68 250
10	Maling vindu	stk	8	1 500	12 000
11	Reimar og drivhjul, sagbenk	rs	1	8 000	8 000
12	Rigg og drift	RS	15 %		49 838
13	Uforutsett		10 %		39 009
14	Sum total eks mva				429 096
15	25% mva				107 274
16	Tilsaman inkl mva				536 370

Kostnadskalkyler er utarbeidd av
 Norsk Vasskraft og Industristadmuseum
 v/ avdelingsleiar Svein Jåstad



Kåre Nes
Nærnesvegen 34
5632 OMASTRAND

Dato: 27.10.2015
Vår ref.: 2014/14451-2
Saksbehandlar: roaland
Dykkar ref.:

Gardssaga på Nes, Kvam herad, Hordaland – Kulturminnefagleg fråsegn

Gardssaga på Nes ligg i ein treetasjes bygning som blei oppført i 1962. Saga vart driven mekanisk av ein francisturbin nr 524 frå Sørumsand Værksted. Turbinen er plassert i eit skut på sia av hovudbygningen. Røygata er skada av frostsprengeing. Kjeller -1. etasje er rom for oljeregulator frå Sørumsand Værksted, div. reimoverføringer og bingie for oppsamling av sagflis. 2. etasje er hovudetasjen der sagbenk m.m. står og i 3. etasje er lagerrom for skorne materialar. Konstruksjonen er bindingsverk, kledning er enkelfalsa horisontalt liggande panel og eit «rimeleg» tal med småruta enkle vindauge - 8 vindauge med 6 ruter i. Saga inngår i ein bygningsmasse på til saman 15 bygningar der 8 av desse er verneverdige kulturminner.

Nes er mellom dei eldste namneformene. Det er sannsynleg at det har vore drift i området heilt attende til jernalderen. Det er over lang tid brukt vesentlege offentlege og private ressursar på å restaurere den rike historiske bygningsmassen på garden. Førre store prosjektet var istandsetting av taket på løe bygningen som hadde eit budsjett på rundt 600.000,- og som blei ferdigstilt i 2015. Skogen og foredling frå denne har vore og er ein viktig verdi på bruket. Allereie i 1733 (ifylgje Norske Gardsbruk frå 1963) hadde garden sagbruk. Dette var då ei oppgangssag som seinare vart bygd om til sirkelsag. I tillegg til saga var der også ein liten tønneverkstad. Sagbenken frå denne sirkelsaga er flytta opp og står no på «Nes bygdesag».

Grunnen til at bygningen vart reist var nok at plasseringa vart mykje betre i forhold til tilkomst med tømmer og materialhandteringa etter foredlinga. Når det vart gjort eit val med å byggje saga med turbindrift var sjølvsgått også plasseringa i forhold til desse forholda særskilt viktig. Til dømes vassfallet, mogelegheita for å byggje demning og ei rommeleg sagtomt.

Dokumentasjon som i dag er tilgjengeleg viser at dáverande eigar og brukar på Nes brukte betydelege ressursar på dette prosjektet med å hente inn erfaringar frå tilsvarende prosjekt. På grunn av det relativt vesle fallet (ca 30 m) er det turbin av francis type, der ein utnyttar krafta i ein vasstraum som omsluttar heile turbinhjulet som var det aktuelle.

Turbin og oljeregulator som då høvde for dette vassfallet, vart kjøpt brukt frå Frafjord E-verk. Maskinene var nye i 1925 og gjorde teneste der fram til 1950 då dette verket gjekk inn i Stavanger E-verk. I mellomtida var også maskinene inne til overhaling i 1942, hjå produsenten Sørumsand verksted i Sørumsand. Turbinen skulle yta 45 HK. Saga ca. 300 meter lang røygata av 12 " jernrør montert på "bukkar". Røygata er i dag skada av frostsprengeing. Øvst i vassvegen vart det bygd demning som kan magasinere ca. 150 m³ vatn.

Saga var årleg i bruk framover etter nybygginga, skulle ein i dag stipulere foredla tømmermengd vil den ligge på ca 30-50 m³ årleg. I tillegg nokre større produksjonar i samband med byggeprosjekt på garden.

Som nemnt i innleiinga var der også tønneverkstad i den tidlegare gardssaga på Nes, planen til nåverande brukar var også å flytte denne produksjonen. Dei gamle maskinene er tatt vare på, men ikkje montert for bruk. I vår region er dette ein av få bevarte turbindrivne sagar. Truleg er Sellevåg treskofabrikk i Sogn og Fjordane det nærmeste døme på turbindriven småindustri. Hordaland fylkeskommune rår til at støtte til istandsetjing av saga på Nes vert prioritert høgt.

David Aasen Sandved
Konst. fylkeskonservator

Roald Landøy
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Elektronisk post

Frå: Samfunn og utvikling

Til: Kåre Nes, ,

Vår ref.: 09/815-56

Arkiv: N - 256

Dato: 28.10.2015

Kulturminneplan for Kvam – og kulturmiljøet på Nes

Viser til e-post du sende med spørsmål om kva status det er på arbeidet med kulturminneplan for Kvam, og kvar kulturmiljøet på Nes står i denne samanhengen.

Kvam herad har i kommunalplanstrategi vedteke at kulturminneplan skal vera ein prioritert kommunedelplan i Kvam herad. Høyringsutkast til planprogram vart offentleg kunngjort etter vedtak i Kvam heradsstyre 17. februar 2015. Endeleg planprogram vart vedteke av Kvam heradsstyre 16. juni 2015. Ei prosjektgruppe med deltagarar frå Kvam herad, Kvam soge- og kulturminnelag og Hardanger og Voss museum har hatt to møte hausten 2015, og arbeidet med kulturminneplanen er no i gang. Tidsskjemaet seier at planen skal vera ferdig i løpet av 2016.

Kulturmiljøet på Nes er eit viktig kulturminne i kommunen, og ei god forvaltning og utvikling av dette er noko kulturminneplanen vil leggja til rette for. Det har vore gjort godt arbeid med å setja i stand dei gamle husa som stod igjen etter utskiftinga i 1912. Strandsitjarstove, gamleløa, eldhus og stabbur, alle frå 1700- og 1800-talet, er restaurert. "Idnestova", ei typisk vestlandsk lemstove frå 1863, er flytta til tunet i seinare tid. Huset er totalrestaurert, og detaljar frå før huset vart flytta er tekne svært godt vare på. Det gamle geithuset som truleg er frå 1700-talet, er også sett i stand. Saga som høyrer til bruket vart nyleg vitja av Fylkeskonservatoren i Hordaland, og syner seg å vera eit kulturminne av høg verdi. Heile tunet og kulturlandskapet står fram som døme på god forvalting av eit privat kulturmiljø, og Nestunet er tildelt Norsk Kulturarv sitt kvalitetsmerke Olavsrosa.

Venleg helsing

Leiar for kultur
Knut Markhus